

Ryddeaksjonen vert avslutta i morgon, tysdag 9. mai.

08.05.2017



Det er enno plass til plast og søppel i konteineren ved Grano.

Uskedal utvikling gjer kjend at ryddeaksjonen vert avslutta i morgon, tysdag 9. mai. Dei som har sekker liggjande, må få dei i konteineren ved Grano. Det er god plass. Vi oppmodar alle om å bruka den siste dagen til rydding i stranda, langs vegane, langs elva og ikkje minst det som ligg att av plast frå foringsplassane. Tilbodet er gratis og med dette slepp du køyra til SIM på Husnes for å få levert boss.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal